

Årsmøte i Nordfjord Golfklubb for sesongen 2009

Årsmøtet vart halde på Stokkenes Gjestegard fredag 15.01.2010 frå klokka 1900 til 2000
Det var totalt 20 fram møtte. Frå styret møtte Kent Tryggestad, Bodil Rasmussen, Bjørn Lien, Helge Haugland, Agnar Kvaksund og grunneigar Svein Fjørtoft. Årsmøtedeltakarane vart ynskte velkommen av styreformann Kent Tryggestad.

Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og dagsorden
2. Val av møteleiar, referent og to medlemar til å skrive under protokollen.
3. Styret si årsmelding.
4. Rekneskap og budsjett
5. Regulering av kontingent, greenfee, årskort og baneandelar
6. Val av leiar
7. Val av styremedlemar, varamedlemar og komitèmedlemar
8. Eventuelt.

Protokoll for Nordfjord Golfklubb

1. Godkjenning av innkalling og dagsorden.

Innkalling til årsmøte og sakliste var annonsert i Fjordabladet, men litt for seint i høve til vedtektene. Dette vart akseptert av årsmøtet. I tillegg vart saklista lagt ut på golfklubben sine nettsider.

Vedtak: Innkalling og dagsorden vart samrøystes godkjend

2. Val av møteleiar, referent og 2 medlemar til å skrive under protokollen.

Vedtak: Årsmøtet valde samrøystes:

Møteleiar: Jan Skogstad
Referent: Bjørn Lien
Protokollunderskriving: Bodil Rasmussen og Arild Hjelmeland

3. Styret si årsmelding.

Styret si årsmelding vart lesen av møtedeltakarane.

Vedtak: Årsmeldinga vart samrøystes godkjend

4. Rekneskap og budsjett.

Helge Haugland presenterte rekneskapet for sesongen 2009 og budsjett for sesongen 2010.

Vedtak: Rekneskapen for 2009 og budsjettet for sesongen 2010 vart samrøystes godkjend av årsmøtet.

5. Regulering av kontingent, greenfee, årskort og baneandelar.

Vedtak: Årsmøtet vedtok samrøystes at desse skulle vere uendra for sesongen 2010.

6. Val av leiar.

Vedtak: Årsmøtet gjorde samrøystes vedtak om å velge Tøger Lien til ny leiar, då Kent Tryggestad bad om avlysing etter ti gode år for klubben.

7. Val av styremedlemar, varamedlemar og komitèmedlemar

Arild Hjelmeland utgjorde valnemda, ettersom den andre representanten i nemda har trekt seg ut av klubben. Arild har gjort eit svært godt arbeid noko som gjorde det lett og avvikle sjølve valet.

Vedtak: Følgjande valprotokoll vart samrøystes godkjend av årsmøtet:

Valprotokoll for sesongen 2010

Gruppe	Verv	2010	På val
Styre	Leiar	Tøger Lien	2011
	Nestleiar	Bodil Rasmussen	2012
	Sekretær	Bjørn Lien	2011
	Kasserar	Helge Haugland	2011
	Styremedlem	Agnar Kvalsund	2012
	Styremedlem	Sonja Borlaug	2012
	Vara	Roar Halkjelsvik	2012
	Grunneigar	Svein Fjørtoft	-
	Grunneigar	Gitta ter Stege	-
Grønt kort/ handikapkomitè		Dagfinn Gjerde	2011
		Knut Rønnestad	2011
		Kent Roger Tryggestad	2011
Marknadsgruppe		Torill Fjørtoft	2012
		Bjørn Lien	2011
		Jostein Aarskog	2012
Banekomitè		Tore Naustdal	2012
		Per Bøen	2011
		Dagfinn Gjerde	2012
		Elias Nes	2012
		Sven Weum	2012
		Svein Fjørtoft	-
	Gitta ter Stege	-	
Sportskomitè		Sonja Borhaug	2012
		Knut Rønnestad	2011
		Jan Skogstad	2011
		Agnar Kvalsund	2011
Damegruppe	Leiar	Bodil Rasmussen	2012
		Kari Bergheim	2012
		Cindi Rasmussen	2012
		Torill Fjørtoft	2012

Medlem i Idrettsrådet, Eid kommune	Leiar Vara	Arild Hjelmeland Torill Fjørtoft	2012 2012
Skulekontakt	Leiar	Peder Felde	2012
Valnemnd	Leiar	Arild Hjelmeland Thomas Storøy	2011 2012

8. Eventuelt:

Kommunikasjon: Arild tok opp problem med dårlig kommunikasjon i klubben, og fekk støtte av fleire. Dette gjeld kommunikasjon mellom enkeltpersonar og grupper. Her kan vi bli flinkare.

Jan etterlyste ei samla oversikt over e-postadresser til medlemmane.

Arild peika på at nettsida vår er upraktisk, og informerte om alternative løysingar. Han overlevert ulike forslag til løysingar som styret kan vurdere.

Torill etterlyste meir aktivitet i damegruppa, og Åse sakna betre toalettilhøve. Det siste vert ei sak styret må få avklart med Stokkenes Gjestegard.

Arild var uroa over lita støtte frå sponsorar, og fekk støtte frå fleire som undra seg over at næringslivet ikkje var meir delaktige. Her må marknadsgruppa gjere ein betre jobb.

Roar viste til potensialet som ligg i å samarbeide med elevbedrifter og arrangering av blåturar.

Svein var oppteken av å få betre struktur på samarbeidet mellom NGK og SG.

Agnar var uroa for maskinparken som manglar garasje.

Dette var tankar for det nye styret og ta med seg, men lite å fatte vedtak på.

Nordfjordeid, / -2010

Nordfjordeid / -2010

.....
Bodil Rasmussen

.....
Arild Hjelmeland